

Årsmøte i Hyllestad Skyttarlag

Hyllestad, 18. november 2018

Kl 11:00

Desse møtte:

Arild Dale, Bernt Tore Inderøy, Agnete Solheim, Kjell Ingolf Eide, Harry Porten, Jarle Sognnes, Per Magnar Sognnes og Karsten Birkeland.

Sakliste:

1. Val av møteleiari, skrivari og 2 til å skrive under møteprotokoll
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Årsmelding frå styret
4. Årsmelding frå ungdomsutvalet
5. Årsmelding frå jaktutvalet
6. Årsmelding frå IKT
7. Årsmelding frå sponsoransvarleg
8. Årsmelding frå kiosken
9. Styrets arbeidsplan for 2019
10. Handlingsplan for ungdomsgruppa 2019
11. Rekneskap for 2019
12. Satsar for treningsavgift/medlemskap
13. Husleige for lokale innandørsbana
14. Skyttarhus/ombygging av standplass – orientering og status
15. Budsjett for 2019
16. Innkomne saker frå medlemmane
17. Val og val av ombodsmenn

Sak nummer 1 – Val av møteleiar, skrivar og 2 til å skrive under møteprotokoll

Per Magnar er møteleiar, Agnete skriv referat, og alle signerer møteprotokollen.

Sak nummer 2 – Godkjenning av innkalling og sakliste

Sakliste og innkalling vart godkjend utan merknader.

Sak nummer 3 – Årsmelding frå styret

Årsmeldinga blei delt ut, lest gjennom og diskutert. Årsmeldinga blei godkjend utan merknader.

Sak nummer 4 – Årsmelding frå ungdomsutvalet

Årsmeldinga blei opplest av leiaren i ungdomsutvalet, og godkjend utan merknader. Det blei det også diskutert korleis me skal rekruttere og halde på dei unge skyttarane me har i laget per i dag. Det kom inn forslag om leasingavtalar på våpen, og kjøp av eit våpen med 6,5 kaliber som kan vere til utlån, i tillegg til forslag om aktivitetsskveldar. Aktivitetsskveldane kan ha tema som mellom anna puss og vedlikehald av våpen, og reparasjon av skiver.

Karsten orienterte om at det er 12 deltakarar på skyteskulen, og at dei ynskjer å køyre ein skyteskule på nyåret på grunn av stor interesse.

Sak nummer 5 – Årsmelding frå jaktutvalet

Vedkommande som skulle legge fram denne årsmeldinga møtte ikkje.

Sak nummer 6 – Årsmelding frå IKT

Årsmeldinga frå IKT blei opplest og godkjend utan merknader. IKT får også løyve til å kjøpe dei datamaskinene dei treng for å få elektronikken til å fungere på treningar og stemner. Det vert sett av kr 10 000 i budsjettet til dette.

Sak nummer 7 – Årsmelding sponsoransvarleg

Årsmeldinga frå sponsoransvarleg blei opplest, diskutert og godkjend utan merknader. Ein må oppfordre personar til å gje sin grasrotandel til Hyllestad Skyttarlag. Kanskje skal me lage ei eiga fane for dette på heimesida vår? Det kjem også eit forslag om å lage eit årshjul eller arbeidsredskap, som inneheld oversikt over fristar over når ein skal levere søknadar, for dei som tek til i arbeidet som sponsoransvarleg.

Sak nummer 8 – Årsmelding kiosk

Årsmeldinga frå kiosken blei delt ut, diskutert og godkjend utan merknader. Det kjem eit forslag frå årsmøtet om å halde kiosken enkel med kaffi, brus, bollar og baguettar – og kanskje pølser på ettermiddagen.

Sak nummer 9 – Styrets arbeidsplan 2019

Det er blei utarbeidd ein arbeidsplan undervegs i årsmøtet. Denne går hovudsakleg på vedlikehald av skyttaranlegget i Ønadalen, samt søking av viltfondmidlar.

Sak nummer 10 – Handlingsplan for ungdomsgruppa 2019

Handlingsplanen for ungdomsgruppa blei opplesen og diskutert. I hovudsak bør ungdomsgruppa ha fokus på rekruttering. Dei har også eit arbeid å gjere i forhold til å arrangere sosiale arrangement for å skape eit fellesskap.

Sak nummer 11 – Rekneskap for 2018

Det blei ei kort orientering om rekneskapet for 2018. I år har skyttarlaget gått i pluss, og overskotet kjem i hovudsak frå sponsormidlar. Rekneskapen blei godkjend utan merknader. Rekneskapet har ikkje vore til revisjon.

Sak nummer 12 – Satsar for treningsavgift/medlemsskap

Det vert ingen forandringar på treningsavgift og medlemsskap. Me må synleggjere at me har Vipps.

Sak nummer 13 – Husleige for lokalet, innandørsbana

Husleiga ligg per i dag på kr 24 000. Styret vil komme med eit forslag til kommunen om kr 10 000, grunna lekkasje to stader i lokalet.

Sak nummer 14 – Skyttarhus/ombygging av standplass – orientert og status

Det blei orientert om at planane om bygging av nytt skyttarhus er skrinlagt på grunn av manglande midlar. Ein har også gjeve ifrå seg tippemidlane. Det vert utarbeidd eit forslag for tak over standplass. Det vert opp til styret å godkjenne planen.

Sak nummer 15 – Budsjett for 2019

Eit budsjett for 2019 vart framlagt. Det vert sett av kr 10 000 til IKT-gruppa som skal gå til innkjøp av nye maskiner. Ein vil i tillegg sjå om det er rom for å gå til innkjøp av fleire våpen til skyttarlaget. Budsjettet er godkjend utan merknader.

Sak nummer 16 – Innkome saker frå medlemmane

Det er ikkje komne inn nokre saker frå medlemmane.

Sak nummer 17 – Val og val av ombodsmenn

IKT

Ørjar Eiken og Jørgen Skivenesvåg

UNGDOMSGRUPPA

Agnete Solheim, Arild Dale og Arnhild Eiken

STYRET

Per Magnar Sognnes, Karsten Birkeland, Sigvar Giil, Bernt Tore Inderøy, Ørjar Eiken og Agnete Solheim

SPONSORANSVARLEG

Karsten Birkeland

JAKTUTVALET

Sigvar Giil, Magne Buene, Jan Åge Solstad og Erling Dingsøy

TILSYNSNEMND

Kjell Ingolf Eide og Bernt Tore Inderøy

REVISOR

Årsmøtet vil spørje Jens Christian Lundeland om å vere revisor

VALNEMND

Arild Dale og Erling Dingsøy

KIOSKANSVARLEG

Per Magnar Sognnes

OMBUDSMENN

Ingen vert vald til dette vervet